

**MØTEPROTOKOLL**

Utval: Formannskapet
Møtedato: 27.04.2017
Møtetid: Kl. 15:00 - 17:05
Møtestad: Kommunehuset

Av 9 medlemmer møtte 9, inkludert varamedlemmer.

Følgjande medlemmer møtte:	Parti:
Aadland, Nils	A
Øystese, Olaug Karin	A
Frøland, Knut Harald	BL
Tveit, Lena	BL
Røen, Arild	H
Aasgaard, Inge	KRF
Røen, Øyvind	SP
Tjønnå, Monica	SP

Desse medlemene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Haga, Odd Arne	FRP	Bogevik, Jon Magne	UAVH

Inhabil:	Sak:	I staden møtte:	Merknad:
Frøland, Knut Harald	014/2017		
Frøland, Knut Harald	020/2017		

Møtenotater:

Andre som var til stades på møtet:

- Konstituert rådmann Hilde-Lill Våge
- Sektorleiar organisasjon Jan Erik Boge
- Kultursjef Arnved Soldal Lund
- Økonomisjef Nina Erdal i sak 012 og 013

Møtleiar:	Frøland, Knut Harald
Møtesekretær:	Boge, Jan Erik

Underskrift frå utvalseiar og møtesekretær:

Tysse,

Frøland, Knut Harald
ordførar

Boge, Jan Erik
sektorleiar organisasjon

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
012/2017	17/242	Faste saker	
013/2017	11/523	Krav om at kapitaliseringsrenta for vasskraftanlegg vert endra	
014/2017	17/390	Tilskot frå næringsfondet - utviding av konsept - Sans og Samning	
015/2017	16/1070	Prosjekt «Revitalisering av Tysse»	
017/2017	17/2	Søknad om tilskot frå næringsfondet - Driftsbygning for sau - Frode Bjørnås	
016/2017	17/495	Prioritering av søknader tilskotsordninga tilskot til lokale kulturbygg	
018/2017	17/390	Søknad om tilskot frå næringsfondet - Bilverkstad - Yngve Tveiterås	
019/2017	17/390	Tilskot frå næringsfondet 2017 - Tilrettelegging av lokale - Haukanes Eigedom AS	
020/2017	17/390	Tilskot frå næringsfondet 2017 - Etablering av Russ Exclusive - Thorbjørn Gaarden Hansen	

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

27.04.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Orienteringar og meldingar:

Rekruttering av ny rådmann

Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om status i saka. Avtalevilkår for rådmann vart kort diskutert.

Datasenter i Børdalen

Firmaet Regn Datacenters AS har inngått intensjonsavtale med grunneigarar i Børdalen. Kommunen opprettheld likevel bestillinga av rapport frå Argon Consult, jf. vedtak i formannskapet 23.02.2017 i sak 002/2017.

Næringsutvikling

Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om møte han har hatt med Vinmonopolet, der han tok opp spørsmål om moglegheit for polutsal på Bjørkheim. Han orienterte vidare om møte han har hatt med Ditt Apotek.

Nasjonal turistveg

Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om kontakt han har hatt med Statens Vegvesen, om kvifor FV7 gjennom Samnanger ikkje er definert som Nasjonal turistveg, ref. attraksjonar som Notaholmen, Mørkhølen og Fossenbratte.

Applikasjon for Samnanger kommune

Nokre kommunar tilbyr ein eigen applikasjon med informasjon om kommunen. Knut Harald Frøland (Bl) bad om å få opp sak om dette i neste møterunde i formannskapet og kommunestyret. Det vil vera økonomiske kostnader knytt til etablering og drift av ein slik applikasjon.

Frivilligsentral

Knut Harald Frøland (Bl) har vore i kontakt med KS og fått orientering om økonomiske støtteordningar m.m. for kommunale frivilligsentralar. Han bad om å få opp sak i kommunestyret 11.05.2017 om eventuell etablering av kommunal frivilligsentral.

Sal av prestebustad

Eining for teknisk forvaltning er i dialog med soknepresten om eventuelt sal av prestebustaden på Haga. Spørsmål om salssum vart diskutert.

Opningsdato for nytt bibliotek

Opninga blir ca. i midten av august. Det vart stilt spørsmål om kommunestyremøtet i juni kan haldast i det nye biblioteket. Dette vil truleg vera mogleg å få til.

Opning av paviljong på Bjørkheim

Opninga blir truleg i juni.

Opning av krøllgrasbanen i Hagabotnane

Opninga blir truleg i løpet av juni.

Ny avkøyrsløp/vegstykke mot Totræna vinterpark

Blir truleg ferdig i løpet av mai.

Senter for funksjonshemma

Hilde-Lill Våge orienterte om status for planleggingsarbeidet. Konkurransen kan truleg kunnngjerast på Doffin tidleg i haust. Byggjearbeid blir ikkje før i 2018.

Prosjektering av ny veg Hagabakkane - Hagabotnane

Hilde-Lill Våge orienterte om status for arbeidet. Dette er ein del av arbeidet med arealdelen av kommuneplanen.

Breibandsutbygging i området Saga - Rolvsvåg

Fylkeskommunen har gitt tilsegn om inntil 1 million kroner i tilskot til breibandsutbygging i området Saga - Rolvsvåg. Det skal heldast møte mellom kommunen og næringsdrivande i området 02.05.2017.

Hjartestartarar

Konstituert rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om at kommunen har kjøpt inn fire hjartestartarar. Desse vil bli plassert på kommunehuset, i garderobebygget i Hagabotnane, i gymsalen på barneskulen og i biblioteket på Bjørkheim.

Nyheitsbulletin

Det vart stilt spørsmål om administrasjonen og ordføraren kan sjå på moglegheit for utsending av nyheitsbulletinar til dei folkevalde. Bakgrunnen for spørsmålet var mellom anna at det ofte er mange orienteringssaker i formannskapet og kommunestyret, og at det kanskje kan vera meir føremålstenleg å informera om slike saker i ein nyheitsbulletin. Administrasjonen og ordføraren vil sjå på dette.

Utvalet sitt kvarter:

Rasfare på vegen ved Fossenbratte

Monica Tjønnå (Sp) orienterte om at grunneigar ved Fossenbratte har meldt frå til ho om stor rasfare på gamlevegen ved fossen.

Spørsmål om deling av 1. klasse skuleåret 2017/2018

Lena Tveit (Bl) stilte spørsmål om status. Økonomisjef Nina Erdal orienterte om kor stor sum øyremerka midlar kommunen har fått til "tidleg innsats" i 2017. Det vart også diskutert korleis desse midlane kan og bør brukast. Det vil bli lagt fram sak for formannskapet og kommunestyret i juni, der mellom anna spørsmålet om delingstal vert tema.

Samrøystes vedtak.

FORM- 012/2017 Vedtak:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 013/2017: Krav om at kapitaliseringsrenta for vasskraftanlegg vert endra**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune støtter LVK (Landssamanslutninga av Vasskraftskommunar) sitt skriv til Finansdepartementet datert 2.mars 2017 der LVK ber om at kapitaliseringsrenta med verknad for eigedomsskatteåret 2018 vert redusert på same måte som for andre renter til bruk til kraftskatteformål.

Samnanger kommune er ein liten kommune med 2 488 innbyggjarar. Skatteinngangen som inkluderer naturressursskatten, var i 2016 på 93,4 % av landsgjennomsnittet. Samnanger kommune er ingen rik kraftkommune. Inntekter frå eigedomsskatt på kraftverk er av vesentleg betydning for å kunne tilby innbyggjarane gode tenester. Frå 2016 til 2017 fekk Samnanger kommune eit inntektstap på 23,3 % på eigedomsskatt frå kraftverk. I kroner utgjer inntektsreduksjonen 1,3 millionar kroner. Dette er ein vesentleg inntektsreduksjon for kommunen som totalt sett har budsjettert med 206 millionar kroner i driftsinntekter i 2017. For perioden 2013 – 2017 er inntektsreduksjonen på 4,4 millionar kroner. For same periode er og summen av dei andre inntektene knytt til kraftproduksjon blitt redusert. For 2013 – 2016 (rekneskapstal) var reduksjonen på 1,7 millionar kroner. Låge prisar ved sal av konsesjonskraft er hovudforklaringa.

Eigedomsskatteinntekter frå kraftanlegg vil ha naturlege svingingar knytt til at gjennomsnittsberekninga av dei siste 5 års rullerande kraftprisar endrar seg. Dette er eit naturleg resultat av at prisane endrar seg. Like viktig som pris for å finne den reelle marknadsverdien av vasskraftanlegga er kva kapitaliseringsrente som vert nytta ved berekning av noverdien av anlegga. Finansdepartementet har dei siste 5 år vidareført ei kapitaliseringsrente på 4,5 % til tross for det kraftige fallet i marknadsrenta i same tidsrom og til tross for at samtlege andre renter til bruk til kraftskatteformål er blitt redusert. Dette meiner me er feil og me ber om at kapitaliseringsrenta for 2018 vert justert ned for å unngå at kommunen får eit ytterlegare tap i inntekter. Fastsetting av kapitaliseringsrenta bør som tidlegare forankrast i klare berekningskriteria og fylgje den generelle renteutviklinga.

Eit breitt stortingsfleirtal vedtok som fylgje av skattereforma robuste, prinsipielle eigedomsskattereglar for vasskraftverk, der berekningsmetoden skulle reflektere kraftanlegga sin reelle verdi. For å oppnå dette må kapitaliseringsrenta justerast på same måte som andre renter til bruk til kraftskatteformål.

Me meier og at det er særdeles viktig at dei kommunane som har kraftproduksjon med dei naturinngrepa det har medført, får sin rettmessige del av verdien, i form av konsesjonsbestemte ordningar, skattar og erstatning. Me ber om at regjeringa ikkje fører ein politikk som dreier inntektsgrunnlaget frå desse kommunane over til staten.

27.04.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 013/2017 Vedtak:

Samnanger kommune støtter LVK (Landsamanslutninga av Vasskraftskommunar) sitt skriv til Finansdepartementet datert 2.mars 2017 der LVK ber om at kapitaliseringsrenta med verknad for eigedomsskatteåret 2018 vert redusert på same måte som for andre renter til bruk til kraftskatteformål.

Samnanger kommune er ein liten kommune med 2 488 innbyggjarar. Skatteinngangen som inkluderer naturressursskatten, var i 2016 på 93,4 % av landsgjennomsnittet. Samnanger kommune er ingen rik kraftkommune. Inntekter frå eigedomsskatt på kraftverk er av vesentleg betydning for å kunne tilby innbyggjarane gode tenester. Frå 2016 til 2017 fekk Samnanger kommune eit inntektstap på 23,3 % på eigedomsskatt frå kraftverk. I kroner utgjer inntektsreduksjonen 1,3 millionar kroner. Dette er ein vesentleg inntektsreduksjon for kommunen som totalt sett har budsjettert med 206 millionar kroner i driftsinntekter i 2017. For perioden 2013 – 2017 er inntektsreduksjonen på 4,4 millionar kroner. For same periode er og summen av dei andre inntektene knytt til kraftproduksjon blitt redusert. For 2013 – 2016 (rekneskapstal) var reduksjonen på 1,7 millionar kroner. Låge prisar ved sal av konsesjonskraft er hovudforklaringa.

Eigedomsskatteinntekter frå kraftanlegg vil ha naturlege svingingar knytt til at gjennomsnittsberekninga av dei siste 5 års rullerande kraftprisar endrar seg. Dette er eit naturleg resultat av at prisane endrar seg. Like viktig som pris for å finne den reelle marknadsverdien av vasskraftanlegga er kva kapitaliseringsrente som vert nytta ved berekning av noverdien av anlegga. Finansdepartementet har dei siste 5 år vidareført ei kapitaliseringsrente på 4,5 % til tross for det kraftige fallet i marknadsrenta i same tidsrom og til tross for at samtlege andre renter til bruk til kraftskatteformål er blitt redusert. Dette meiner me er feil og me ber om at kapitaliseringsrenta for 2018 vert justert ned for å unngå at kommunen får eit ytterlegare tap i inntekter. Fastsetting av kapitaliseringsrenta bør som tidlegare forankrast i klare berekningskriteria og fylgje den generelle renteutviklinga.

Eit breitt stortingsfleirtal vedtok som fylgje av skattereforma robuste, prinsipielle eigedomsskattereglar for vasskraftverk, der berekningsmetoden skulle reflektere kraftanlegga sin reelle verdi. For å oppnå dette må kapitaliseringsrenta justerast på same måte som andre renter til bruk til kraftskatteformål.

Me meier og at det er særdeles viktig at dei kommunane som har kraftproduksjon med dei naturinngrepa det har medført, får sin rettmessige del av verdien, i form av konsesjonsbestemte ordningar, skattar og erstatning. Me ber om at regjeringa ikkje fører ein politikk som dreier inntektsgrunnlaget frå desse kommunane over til staten.

SAKNR. 014/2017: Tilskot frå næringsfondet - utviding av konsept - Sans og Samning

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Sans og Samning får kr 20 000 i tilskot til investeringar gjort for å etablere ein kafé. Summen vert finansiert med bruk av næringsfondet og utgiftsført på 14700.1400.3251.

Utbetaling av stønaden skal skje med halvparten av summen ved oppstart. Den resterande summen

vert utbetalt når det vert framlagt dokumentasjon for utgiftene.

Inhabil:	I staden møtte:	Merknad:
Frøland, Knut Harald		

27.04.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Knut Harald Frøland (Bl) bad om å få gildskapen sin vurdert. Han gjekk frå medan formannskapet tok stilling til gildskapen hans. Øyvind Røen (Sp) gjekk inn som møteleiar. Knut Harald Frøland vart samrøystes funnen ugild i saka og deltok ikkje i den vidare behandlinga av saka. Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Etter avrøystinga overtok Knut Harald Frøland igjen som møteleiar.

FORM- 014/2017 Vedtak:

Sans og Samning får kr 20 000 i tilskot til investeringar gjort for å etablera ein kafé. Summen vert finanisert med bruk av næringsfondet og utgiftsført på 14700.1400.3251.

Utbetaling av stønaden skal skje med halvparten av summen ved oppstart. Den resterande summen vert utbetalt når det vert framlagt dokumentasjon for utgiftene.

SAKNR. 015/2017: Prosjekt «Revitalisering av Tysse»

Ordførar sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune løyver inntil kr. 126.851 til prosjekt «Revitalisering av Tysse». Finansiering hentast frå næringsfondet som pr. 18.04.17 er kr. 795 142,05. I tillegg kjem stønad frå Fylkeskommunen på kr. 126.500 slik at total budsjettramme for prosjektet utgjer kr. 253.351. Samnanger kommunen inngår kontrakt med Granli Gård Rådgivning v/ Ove Henning Bjørsvik pålydande kr. 100.000 eks. mva. Kontrakt gjeldt i tidsrommet medio mai 2017 og ut 2017. Granli Gård Rådgivning v/ Ove Henning Bjørsvik rapporterer til ordførar og har ordførar som tett samarbeidspartnar.

27.04.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Ordføraren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 015/2017 Vedtak:

Samnanger kommune løyver inntil kr. 126.851 til prosjekt «Revitalisering av Tysse». Finansiering hentast frå næringsfondet som pr. 18.04.17 er kr. 795 142,05. I tillegg kjem stønad frå Fylkeskommunen på kr. 126.500 slik at total budsjettramme for prosjektet utgjer kr. 253.351.

Samnanger kommune inngår kontrakt med Granli Gård Rådgivning v/ Ove Henning Bjørsvik pålydande kr. 100.000 eks. mva. Kontrakt gjeldt i tidsrommet medio mai 2017 og ut 2017. Granli Gård Rådgivning v/ Ove Henning Bjørsvik rapporterer til ordførar og har ordførar som tett samarbeidspartnar.

SAKNR. 017/2017: Søknad om tilskot frå næringsfondet - Driftsbygning for sau - Frode Bjørnås

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Frode Bjørnås får kr 50 000 i tilskot til ny driftsbygning for sau. Summen vert finansiert med bruk av næringsfondet og utgiftsført på 14700.1400.3251.

Utbetaling av stønaden skal skje med halvparten av summen ved oppstart. Den resterande summen vert utbetalt når det vert framlagt dokumentasjon for utgiftene.

27.04.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Arild Røen (H) bad om å få gildskaper sin vurdert. Han gjekk frå medan formannskapet vurderte gildskaper hans. Tre medlemmer røysta for at Arild Røen er ugild i saka (Nils Aadland - Ap, Olaug Øystese - Ap, Jon Magne Bogevik - Uavh.). Fem medlemmer røysta for at Arild Røen er gild i saka (Knut Harald Frøland - Bl, Lena Tveit - Bl, Øyvind Røen - Sp, Monia Tjønna - Sp, Inge Aasgaard - Krf). Arild Røen gjekk etter avrøystinga tilbake i møtet og deltok i den vidare behandlinga av saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 017/2017 Vedtak:

Frode Bjørnås får kr 50 000 i tilskot til ny driftsbygning for sau. Summen vert finansiert med bruk av næringsfondet og utgiftsført på 14700.1400.3251.

Utbetaling av stønaden skal skje med halvparten av summen ved oppstart. Den resterande summen vert utbetalt når det vert framlagt dokumentasjon for utgiftene.

SAKNR. 016/2017: Prioritering av søknader tilskotsordninga tilskot til lokale kulturbygg

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune prioriterer søknader til ordninga Tilskot til lokale kulturhus slik:

1. Samnanger bibliotek – kjøp av lokale.

27.04.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 016/2017 Vedtak:

Samnanger kommune prioriterer søknader til ordninga Tilskot til lokale kulturhus slik:

1. Samnanger bibliotek – kjøp av lokale.

SAKNR. 018/2017: Søknad om tilskot frå næringsfondet - Bilverkstad - Yngve Tveiterås**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Yngve Tveiterås får kr 50 000 i tilskot til etablering av bilverkstad. Summen vert finansiert med bruk av næringsfondet og utgiftført på 114700.1400.3251.

Utbetaling av stønaden skal skje med halvparten av summen ved oppstart. Den resterande summen vert utbetalt når det vert framlagt dokumentasjon for utgiftene.

27.04.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 018/2017 Vedtak:

Yngve Tveiterås får kr 50 000 i tilskot til etablering av bilverkstad. Summen vert finansiert med bruk av næringsfondet og utgiftført på 114700.1400.3251.

Utbetaling av stønaden skal skje med halvparten av summen ved oppstart. Den resterande summen vert utbetalt når det vert framlagt dokumentasjon for utgiftene.

SAKNR. 019/2017: Tilskot frå næringsfondet 2017 - Tilrettelegging av lokale - Haukanes Eigedom AS**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Haukanes Eiendom får kr 20 000 til klargjering av lokale til bilverkstad. Summen vert finansiert med bruk av næringsfondet og utgiftført på 14700.1400.3251.

Utbetalinga av tilskotet skal skje med halvparten av summen ved oppstart. Den resterande summen vert utbetalt når det vert framlagt dokumentasjon for utgiftene.

27.04.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 019/2017 Vedtak:

Haukanes Eiendom får kr 20 000 til klargjøring av lokale til bilverkstad. Summen vert finansiert med bruk av næringsfondet og utgiftført på 14700.1400.3251.

Utbetalinga av tilskotet skal skje med halvparten av summen ved oppstart. Den resterande summen vert utbetalt når det vert framlagt dokumentasjon for utgiftene.

SAKNR. 020/2017: Tilskot frå næringsfondet 2017 - Etablering av Russ Exclusive - Thorbjørn Gaarden Hansen**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Russ Exclusive får kr 10 000 i tilskot til etableringa. Summen vert finansiert med bruk av næringsfondet og utgiftført på 14700.1400.3251.

Utbetaling av tilskotet skal skje med halvparten av summen ved oppstart. Den resterande summen vert utbetalt når det vert framlagt dokumentasjon for utgiftene.

Inhabil:	I staden møtte:	Merknad:
Frøland, Knut Harald		

27.04.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Knut Harald Frøland (Bl) bad om å få gildskapen sin vurdert. Han gjekk frå medan formannskapet tok stilling til gildskapen hans. Øyvind Røen (Sp) gjekk inn som møteleiar. Knut Harald Frøland vart samrøystes funnen ugild i saka og deltok ikkje i den vidare behandlinga av saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 020/2017 Vedtak:

Russ Exclusive får kr 10 000 i tilskot til etableringa. Summen vert finansiert med bruk av næringsfondet og utgiftført på 14700.1400.3251.

Utbetaling av tilskotet skal skje med halvparten av summen ved oppstart. Den resterande summen vert utbetalt når det vert framlagt dokumentasjon for utgiftene.